




INFORMASJON FRÅ LANDBRUKSKONTORET

1/2023



Landbrukskontoret for Sel og Vågå
Edvard Storms veg 2
2680 VÅGÅ
postmottak@vaga.kommune.no



Tlf. 61 29 36 00

Gjødslingsplan

Husk å ha gjødselplan i orden til vekstsesongen startar. Dette gjelder også for ugjødsla beite og innmarksbeite. Jordprøver må sjekkast om de er over 8 år. Du treng ikkje jordprøver for beite som er klassifisert som innmarksbeite i Gardskart. Er det klassifisert som fulldyrka eller overflatedyrka skal det vere tatt jordprøver uansett bruk av arealet.

Det kan ikkje presiserast sterkt nok at det er føretaka som er ansvarleg for data som fylt inn i søknaden, og at avdekte feilopplysningar kan få store økonomiske konsekvensar for føretaka.

Spørsmåla under fana "Egenerklæringer" omhandler driftsfellesskap, gjødslingsplan og journal over plantevernmidlar. Alle føretak bør sette seg godt inn i regelverket omkring disse tema, og gjere kritiske vurderingar av om vilkår er oppfylt.

Kommunen skal gjennomføre en risikobasert kontroll av minst 10 prosent av søknadene kvart år. Der det er avvik mellom opplysningane søker har gitt i søknaden og resultatet av risikobasert kontroll, og søkars feilopplysningar ville kunne medført en urettmessig utbetaling av tilskot, skal kommunen alltid vurdere om det er grunnlag for avkorting

SMIL-midlar

Årets rammestørrelse etter hovudtildelinga av SMIL- midlar for 2023 er:

- Vågå: 790.000 kr
- Sel: 720.000 kr

Tilskott etter denne forskrifta kan gis til tiltak som går utover det som kan forventast som en del av den vanlege jordbruksdrifta. T.d. *rydding av gamle kulturlandskap/beiter/råk, restaurering av verneverdige bygningar og seter.* Innkjøp av løyse gjenstandar/maskiner og alt som er mogleg å selje vidare f.eks. plastpresse, støttes ikkje av SMIL-ordninga. Ta gjerne kontakt om du har spørsmål om SMIL! Meir info og retningslinjer finn du på heimesida til Vågå kommune.

For tilskot til fjerning av piggråd, er satsen 20 kr/m både i Sel og Vågå.

Det er løpande søknadsfrist!

LANDBRUKSFOND

Sel og Vågå har kommunale landbruksfond som årleg får påfyll på kr. 250 000 og 390 000,- <https://www.vaga.kommune.no/tenester/naringsliv-og-landbruk/landbruk/tilskottsordningar-jordbruk/kommunalt-landbruksfond/>

I Vågå er det søknadsfrist 1. februar.

TILSKOT KAN GJEVAST TIL:

- Jordbrukstiltak: Vassvegar/damanlegg/vatningsanlegg, nydyrking, grøfting, støtte til mindre investeringar til utbetring/ ombygging av driftsbygningar som ikkje får støtte hjå Innovasjon Norge, ulike planleggingstiltak inkl geolog/geoteknikar, solcelletraum i Sel.
- Skogbrukstiltak: Ungskogpleie, nyanlegg/ombygging av skogsvegar, drift i bratt terreng.
- Diverse: Tilskott til omdømmebygging.

GENERELLE REGLAR FOR STØTTE:

- Det blir gjeve tilskott til nyinvestering, ikkje til årlege driftskostnader.
- Tiltaket skal ikkje vera påbegynt før søknadsåret.
- Søknader blir behandla fortløpande i Sel og søknadsfrist 1. februar i Vågå.
- Fellestiltak vil bli prioritert om tilskotsramma blir for lita.
- Dersom eit tiltak har fått løyvd statleg støtte skal ikkje det kommunale og statlege tilskotet overstige 50%. Det er unntak for ungsogpleie, der det kommunale og statlege tilskottet kan utgjere inntil 75%.
- Det skal liggja ved plan, kostnadsoverslag og finansieringsplan til søknaden.
- Minste tilskottsgrunnlag for tiltaka: nyanlegg vegar, bygningsinvesteringar og vassvegar/damanlegg/vatningsanlegg er kr. 20.000
- Tilskottet blir utbetalt etterskottsvis etter tilvising frå landbrukskontoret. Tilskottet blir utbetalt etter rekneskap.

Sel: Ved fellesanlegg med store kostnader og mange deltakarar bør det kunne reisast politisk sak for å vurdere om maksimal støttesats på kr. 40 000,- kan overskridast.

Vågå: Der det er fleire enn ein deltakar i anlegget, kan det maksimale tilskottet aukast med 5 000 kr pr. deltakar, men ikkje meir enn til 45 000 kr.

For dei fleste tiltaka kan det gjevast inntil 30 % av kostnadsoverslag, 50 % for ulike planleggingstiltak, maksimalt 40 000/30 000 kr for hhv. Sel og Vågå.

Tilskotsatsar i skogbruket i 2023

Skogkultur

Vi vil oppmode alle skogeigarane til å sjå over skogen sin. Er det bestand som treng planting eller ungskogpleie bør dette gjerast nå. Det er nå god tilgang på arbeidskraft til ungskogpleie og planting.

Tilskotsatsane gjeld for skogkulturarbeid i 2023. På grunn av avgrensa midlar tek vi atterhald om at satsane kan bli endra i løpet av året.

	NMSK-tilskot Vågå og Sel	Klimatilskot (direkte fra Staten)	Kommunalt tilskot Vågå og Sel
TILTAK			
Planting*	Inntil 30 % (gjeld alle høgdelag)	Inntil 60 % av planter over minimum bonitetsavhengig plantetal	
Suppleringsplanting**	Inntil 30 % **	Inntil 40 %	
Markberedning	Inntil 40%		
Ungskogpleie	Inntil 40%		Inntil 30 %
Gjødsling		Inntil 50 %	

* Plantetilskotet består av klimatilskot for tettare planting som utgjør 14 – 20%. I tillegg inntil 30% NMSK. Effekten av klimatilskot til planting er bonitetsavhengig; oppgitte % -satsar gjeld bonitetane 14 – 8. NB! Krav til minimum plantetal pr. daa.

** Det blir gjeve inntil 70 prosent tilskot (30 % NMSK+40 % klimatilskot) til suppleringsplanting i foryngelser med utilfredsstillande tettheit. Det er krav om at plantetettheit etter suppleringsstillingen tilfredsstiller det fastsette minimumsantal pr. daa ved tettare nyplanting.



Ungskogpleie: Tilskotsatsen er inntil 40 %. Vågå og Sel har i tillegg inntil 30 % kommunalt tilskot! Når ein i tillegg nyttar skogfond er dette den beste investeringa ein skogeigar kan gjere.

Markberedning: Det er inntil 40 % tilskot til markberedning.

Gjødsling: Tilskotsatsen er 50 %. Gjeld også borgjødsling i skadde granbestand.

NB! Det er krav om dokumentasjon og kartfesting av alle skogkulturarbeid som skal dekkast med skogfond og/eller ha tilskot. Restkostnader som ikkje dekkast med tilskot kan dekkast med skogfond.

Tilskot til skogsdrifter

	STATEN	KOMMUNALT
TILTAK	NMSK	Vågå og Sel
Taubanedrifter <i>(kun til kontraherte drifter)</i>	Ta kontakt med landbrukskontoret	Inntil 50 kr/m ³ maks kr 30 000
Opparb. standplass		
Hestedrift	Ta kontakt med landbrukskontoret	-
Førstegongs manuell tynning i H.kl. III *	Inntil 600 kr/daa	Inntil 300 kr/daa maks kr 30 000
Mellomvanskeleg terreng **	-	100 kr/m ³ maks kr 30 000

Tilskot til manuell førstegongs tynning

Gjeld for førstegongs manuell tynning i hogstklasse 3 med dokumentert underskot.

** Tilskot til drift i mellomvanskeleg terreng

Ordninga gjeld for motomanuell drift med traktor og vinsj og omfattar rundvirke av gran og furuvirke som er levert for sal, innrapportert til VSOP-basen. Minste kvantum er 40 m³. Lilengda må vere minst 50 meter og ha gjennomsnittleg helling minst 40%. Tilskot blir berre gjeve i område som er avsett til landbruksformål i arealplanen og som fortsatt skal brukast til skogbruksformål. Det er eit vilkår at det vert sørgja for tilfredsstillande forynging av hogstfeltet.

NB! Drifta skal førehandsgodkjennast av kommunen.



Skogdrift i Langmorkje Almenning vinter 2023

Tilskot til skogsvegbygging

Ombygging og nyanlegg av skogsvegar:

- Minimum anleggskostnad kr 30.000 for statstilskot.
- Statstilskot inntil 40 % for skogsbilvegar.
- Statstilskot inntil 25 % for traktorvegar.
- I tillegg har kommunane tilskotsordningar for vegbygging, ta kontakt for nærare informasjon.

Punktutbetringar (Bru, kulvertar, stikkrenner, snuplassar):

- Minimum anleggskostnad kr 30.000
- Tilskot til utbetring bru: inntil 50 %.

Når er vegbygging søknadspliktig?

- Nybygging av permanente vegar er søknadspliktig. Dette gjeld for alle vegklasser.
- Vegbygging krev ofte omfattande saksbehandling. Ta derfor kontakt med landbrukskontoret i god tid på førehand.
- Ombygging av veg er søknadspliktig viss vegklassa hevast, viss traseen endrast eller bredda utvidast utover eksisterande vegbreidde.
- Bygging av enkle og midlertidige vegar er søknadspliktig viss gravinga fører til meir enn 1 meters skjæring eller fylling eller det bli grove i ei lengd på over 150 m eller totalarealet av gravinga overstig 450 m².

Landbrukskontoret kan gje nærare informasjon om regelverk og søknadsprosedyre i høve til bygging av landbruksvegar.

Vedlikehald av skogsvegar

Det bør utførast enkelt vedlikehald av skogsbilvegane årleg. Det viktigaste er å sjå etter at grøfter og stikkrenner er i orden slik at vatn ikkje kjem på avvegar og gjer skade på skogsvegen eller annan infrastruktur. Vegeigaren er ansvarleg for at dette er i orden og kan bli stilt til ansvar for eventuell skade på andre sin eigedom. Anna viktig vedlikehald er kantrydding, høvling/slodding og grusing.

For å unngå unødvendig slitasje på vegen kan det løne seg å stengje vegen for trafikk i verste vårløysinga og andre særleg våte periodar.

Kostnader inntil 4 kr/m. (evt. høgare sats etter førehandsgodkjenning) til ordinært årleg vedlikehald av skogsbilvegar (ikkje traktorvegar) kan dekkast med skogfond.

Kva kan skogfond nyttast til?

Skogfond kan nyttast til:

- Skogkulturtiltak, som planting og ungsogpleie
- Nybygging og ombygging av skogsvegar, samt ombygging av velteplassar. Enkel vegbom. Utgifter til byggeplan for skogsveg.

- Vedlikehald av skogsbilvegar og velteplassar (sjå punkt "vedlikehald av skogsvegar")
- Miljøtiltak, som pleie av kantsoner i skog
- Skogbruksplanlegging
- Bioenergianlegg og -utstyr for varmeleveranse
- Forsikring av skog samt eigenandelar på erstatnings – eller forsikringsoppgjær.
- Kursavgift og kursmateriell for kurs knytt til skogens drift
- Oppmerking av eigedomsgrenser i forbindelse med jordskifte
- Vegavgift til vegforening som går til vanleg vedlikehald (skogsveg) som skogeigar er eigar i.

Det kan også dekke meirverdiavgift knytt til dei aktuelle tiltaka (gjev ikkje skattefordel).

Skogfond kan ikkje nyttast til:

- Bygging av enkle midlertidige driftsvegar
- Sporpynting etter skogsdrift
- Brøyting/strøing av veg
- Vedlikehald traktorveg
- Reparasjon av veg dersom skadane har oppstått under skogsdrift
- Kjøp av teknisk utstyr (planterør, ryddesag, motorsag e.l)

Nærmare informasjon om skogfondsordninga finn ein på Landbruksdirektoratets heimesider: www.landbruksdirektoratet.no. Landbrukskontoret vil og kunne gje råd om bruk av skogfond.

LEDIG SETER MED DYRKINGSPARSELL

Det er ledig ei seter med dyrkingsparsell i Langmorkje statsallmenning. Det gjeld Lykkjesetra ved Sandranden, som brukaren har sagt frå seg. Setra er på ca. 23 dekar, der ca. 18,5 dekar er dyrka. Parsellen er på totalt ca. 29 dekar, der ca. 26 dekar er dyrka. På heimesida til fjellstyret blir det lagt ut kart over området og med søknadsskjema, samt sak 10/23 i fjellstyret om vidare prosess etter at setra/dyrkingsparsellen vart ledig. Søknadsfrist er 1. mai 2023. Utgangspunktet er at setra med dyrkingsparsellen blir vist ut til ein og same brukar. Det er mogleg å søkje for alle, uansett driftsmåte med dyr. Dei som ønskjer å få utvist både seterkvea og parsellen berre som tilleggsjord, kan også søkje. Ta kontakt med Knut Øyjordet (tlf. 90966277) på fjellstyrekontoret dersom du har spørsmål. Link til heimesida til fjellstyret finn du her: <https://www.vaga-fjellstyre.no/>



~~Landbrukskontoret for Sel og Vågå
Edvard Stormsveg 2
2680 VÅGÅ~~

Tilsette på kontoret:

Per-Ivar Weydahl, tlf 920 41 410,
e-post: piw@vaga.kommune.no

Kjersti Reksen, tlf. 947 99 432,
e-post: kjersti.reksen@vaga.kommune.no

Bjørn Tore Karlstad, tlf. 957 96 218,
e-post: bjorn-tore.karlstad@vaga.kommune.no

Oda Aulstad Kvisberg, tlf. 901 70 492,
e-post: oak@vaga.kommune.no

Torje Bjørke, tlf. 416 74 644 (permisjon fram til 15.8.)
e-post: torje.bjorke@vaga.kommune.no

Anna Bilstad, tlf.917 26 739
e-post: anna.bilstad@vaga.kommune.no

Jan Teigen, tlf. 994 51 073 (vikar for Torje Bjørke)
e-post: jan.teigen@vaga.kommune.no

Landbruksvikar Ivar Ulsand, tingast på 61 29 36 03/61 29 36 00:

Ola Løkken (Glommen Mjøsen), tlf. 971 94 015, e-post: ol@glommen-mjosen.no

Ola Jo Nørstegård (Glommen Mjøsen), 911 97 679, e-post: ojn@glommen-mjosen.no